

■ Vassenden skule, ein leksebevisst skule

§10-6 i Opplæringslova

Elevane skal vere aktivt med i opplæringa og følgje skolereglane. Kommunen skal sørge for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp. Elevane kan bli pålagde å gjere oppgåver utanom skoletida (lekser). Det må takast omsyn til at elevar har rett til kvile og fritid.

VASSENDEN SKULE



ANSVAR - OMSORG - RESPEKT

Oppsummering av innhald henta frå forarbeidet til § 10-6 i Opplæringslova

- Skulen kan gi lekser, men har ikkje plikt til det.
- Valet om å gi lekser skal byggje på fagleg og pedagogisk vurdering ved den enkelte skulen.
- Lekser er ein mogeleg arbeidsmåte i opplæringa og skal vere del av ein pedagogisk samanheng.
- Lekser skal tilpassast elevane, i tråd med forking og prinsippa om tilpassa opplæring og tilfredsstillande utbytte.
- Samarbeid med heimen og elevmedverknad er viktig for å tilpasse leksene etter evner og føresetnader.
- Elevane har rett til kvile og fritid, og dette må skulen ta omsyn til når lekser blir gitt.
- Skulen har ansvar for å sikre at elevane ikkje får for stor samla belastning av heimearbeid.
- Lekser som fungerer for ei gruppe, kan likevel vere for mykje for enkelte elevar – skulen må ta omsyn til dette.
- Lærarane bør samarbeide og planleggje lekser i fellesskap for å unngå overbelastning.

Sjå vedlegg nederst for å lese heile forarbeidet til paragrafen.

Prinsipp for lekser ved Vassenden skule

1. Lekser skal ha eit klart formål og vere fagleg forankra i det elevane arbeider med på skulen.
2. Lekser skal vere tilpassa den enkelte elev sitt nivå og heimesituasjon, og bidra til meistring og inkludering.
3. Mengda lekser skal vere moderat, og gi rom for fritid, familieliv og balanse i kvardagen. Innspel frå elev og foreldre skal leggjast stor vekt på.
4. Variasjon i type lekser er viktig – både faglege, praktiske og kreative oppgåver kan styrke motivasjon og læring.
5. Skulen skal ha ein felles og samkøyrte praksis, som blir evaluert jamleg og justert i tråd med forskning og erfaringar

Leksepraksis ved ulike klassesteg

1.–3. klasse

I 1. -3. klasse har vi i utgangspunktet ikkje lekser.

a) Lærer og føresette kan bli samde om individuelt tilpassa lekser for elevar som ønsker det, og der lærar ser at det trengs ekstra mengdetrening (t.d. i lesing i byrjaropplæringa).

4.–7. klasse

I 4. -7. klasse er utgangspunktet at lekser blir å gjere ferdig arbeid eleven ikkje har gjort på skulen. Dette skal sjølvstilt tilpassast ut frå kva ein kan forvente av den enkelte elev. Ein annan del av praksisen blir å gje tilpassa lekser etter avtale med elev og heim. Lekser som er knytt til praktisk arbeid kan òg brukast i periodar.

a) Ut frå kjennskapen lærar har til eleven sine føresetnader kan lærar pålegge å gjere ferdig skulearbeid heime. Skal hovudsakleg skje dersom eleven pga. dårleg arbeidsinnsats har hatt låg produksjon i skuletimane.

b) Lærer og føresette kan bli samde om individuelt tilpassa lekser for enkeltelevar. Dette kan vere lurt der lærar ser at det trengs ekstra mengdetrening (t.d. i lesing, rekning, repetere ord og omgrep), eller for dei elevane som treng ekstra utfordring.

c) Lekser kan òg vere praktiske oppgåver som knyter fagstoff til samfunn, kvardag og elevane sine interesser. T.d. nyhendesaker og delta i matlaging (Mat og helse er eit viktig fag på 6.steg). Oppgåver kan gjerast når det passar familien, og skal ikkje vere tidspressande eller medføre økonomiske kostnader for heimane.

8.–10. klasse

I 8. -10. klasse har vi i utgangspunktet lekser som er knytt opp til vurdering og praktisk arbeid.

a) Lekser skal primært brukast til førebuing til prøvar, innleveringar og andre teoretiske- og praktiske vurderingssituasjonar. Elevane skal få god tid og støtte til å planlegge arbeidet på skulen.

b) Elevane er ulike og har ulik kapasitet, føresetnad og tid. Dette skal takast omsyn til i forventningane skulen har til lekse- og arbeidsmengd som blir gitt som heimearbeid. Ei rettesnor er maks 30 minuttar i dagen på ungdomsskulen. Men for nokon kan dette opplevast som for mykje, mens det for andre vert for lite. Her skal det vere dialog undervegs mellom lærar og elev, og ev. med føresette på utviklingssamtalar.

c) Lærer, føreset og elev kan bli samde om individuelt tilpassa lekser,

d) Der lærar ser at det trengs ekstra mengdetrening skal lærar tilrå dette

e) Lekser kan òg vere praktiske oppgåver som knyter fagstoff til samfunn, kvardag og elevane sine interesser. T.d. nyhendesaker og delta i matlaging (Mat og helse er eit viktig fag på 9.steg). Oppgåver kan gjerast når det passar familien, og skal ikkje vere tidspressande eller medføre økonomiske kostnader for heimane.

f) Ut frå kjennskapen lærar har til eleven sine føresetnader kan lærar pålegge å gjere ferdig skulearbeid heime. Skal hovudsakleg skje dersom eleven pga. låg arbeidsinnsats har fått utført lite arbeid i skuletimane.

Førearbeidet til Opplæringslova § 10-6

Det er berre skulen som kan påleggje elevane lekser. Skulen har ikkje plikt til å gi lekser. Valet

om å gi lekser skal byggje på ei fagleg-pedagogisk vurdering ved den enkelte skulen. Vurderinga av om det skal givast lekser eller ikkje, er opp til skulen og er ei skjønnsmessig avgjerd, med mindre kommunen har bestemt at alle skulane skal vere leksefrie.

Lekser kan vere ein del av det pedagogiske arbeidet til skulen med opplæring i faga, og er ein av fleire mogelege arbeidsmåtar i skulen. Lekser som blir gitt, skal inngå i ein pedagogisk samanheng og tilpassast elevane, i tråd med tilrådingar frå forskning. Prinsippa om tilfredsstillande utbytte av opplæringa og tilpassa opplæring gjeld også for lekser.

Medverknad og godt samarbeid mellom heim og skule er viktig for å tilpasse leksene etter evnene og føresetnadene til elevane. Det skal takast omsyn til retten elevane har til kvile og fritid når dei vert pålagde å gjere lekser. Dette kravet må forståast i lys av retten barnet har til kvile og fritid, jf. barnekonvensjonen artikkel 31.

I praksis vil det vere skulen som må sørge for at elevane får tilstrekkeleg kvile og fritid når lærarane gir lekser, mellom anna ved å sjå på den samla belastninga av heimearbeid. I og med at lekser verkar inn på fritida til elevane, er det viktig at det vert lagt til rette for medverknad når det skal avgjerast kor mykje lekser som skal bli gitt.

Lærarane bør samarbeide og planleggje i fellesskap for å unngå at elevane får ei for høg belastning av lekser. Lekser som tek omsyn til retten til kvile og fritid i ei klasse, kan likevel gå utover retten enkelte elevar har til kvile og fritid, og skulen må ta omsyn til dette.

Rutinen er utarbeidd på bakgrunn av arbeidsøkt i pedagoggruppa planleggingsveka hausten 2025, og har vore behandla i SMU 19. November 2025. Rutinen bør evaluerast innan 1-2 år (2026-2027). I evalueringa er det viktig å ta omsyn til ny forskning og erfaringar frå lærarar, elevar og føresette med den nye rutinen.